

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.2 2019/2020 Årgang 46

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL
UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST



JULETREFEST

Det blir juletrefest på Bygdahuset tysdag 17.12
kl.18.00-20.30. Inni kontakten står det info om oppgåvefordeling.
På baksida er det påmeldingslapp som dokker må klippe av og
levere tilbake til skulen.

KALENDER FOR FØRJULSTIDA

Fredag 29.11 kl. 09.00 Me tenner julegrana på skulen.

Tysdag 10.12 Juleverkstad og grautfest for alle
elevane. Føresette og anna familie er velkomne til å vere
medhjelparar på juleverkstaden. Det er fint om
kontaktlærer får melding om nokon vil vere med.
Elevar som likar graut treng ikkje ha med seg niste.

Tysdag 17.12 Juletrefest på bygdahuset kl. 18.00-
20.30.

Torsdag 19.12 Siste skuledag før jul. Gudsteneste i
kyrkja kl. 10.00. Alle velkommen.
Skulen sluttar til vanleg tid. SFO er open til kl. 16.30.



FAGFORNYINGA FRÅ HAUSTEN 2020

 Klipp frå Kunnskapsdep.

«Fagfornyelsen er en ny stor reform av norsk skole som skal innføres
høsten 2020.

Fagene skal fornyes og slankes for å gi rom til mer dybdelæring.

Nye læreplaner i alle fag ble lagt fram mandag 18. november.

Tre tverrfaglige temaer innføres i skolen: demokrati og medborgerskap,
bærekraftig utvikling, folkehelse og livsmestring. Disse temaene skal inngå i
fagene der dette er naturlig.

Læring gjennom lek og utforskning blir vektlagt mer i læreplanene for de
yngste barna i skolen.

Flere fag blir mer praktiske og utforskende. Eksempelvis kunst og håndverk og naturfag.

Digital dømmekraft, digital skaperkraft og programmering får mer plass i skolen, og inngår i læreplaner i flere fag allerede fra de første trinnene. Eksempelvis samfunnsfag og matematikk (algoritmisk tenkning og programmering).

Kritisk tenkning og kildekritikk blir sterkere vektlagt i de nye læreplanene, for eksempel i samfunnsfag og engelsk.»

På skulen skal me fram til sommaren setje oss inn i dei nye læreplanane. Dei som vil lese meir om dette finn mykje på <https://www.udir.no/>

Juletefest

Det blir juletefest tysdag 17. desember klokka 18.00 – 20.30.

FAU har lova at foreldra kan vera med på det praktiske arbeidet med festen. Tusen takk til alle!

Skulen kjøper inn og gjer klart alt ein treng av utstyr og mat.



Oppgåvefordeling :

Tillaging av salen, dekke bord, sette opp juletre måndag 16/12 kl.19.00: 1., 2. og 3. klasse sine føresette.

Koke kaffi og ta imot inngangspengar 17/12 kl.17.00 Klassekontaktane i 5.-6. klasse (dei skaffar event. andre om det ikkje passar)

Rydde bordene, rydde og koste salen, vaske opp og rydde kjøkken etter festen: 4.-7.klasse sine føresette.

Dei som har barn i fleire klassar:

Dei som har barn både i 1.-3. klasse og 4.-7. klasse, er med på å lage til.

Inngangspengar:

Me tar 50 kr. pr. pers. i inngangspengar . Elevane går gratis. Dette skal gå til å dekkje utgifter til festen. For at det skal vere ro i salen skal sysken sitje saman med foreldre/ besteforeldre på stolar ved borda. Elevane sit på stolar og benker framme ved scenen. Det er diverre ikkje mogleg å ta av plass til dei ved bordet.



Elevrådet

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Natalie Dommersnes Vågen	4.kl.	
Maria Stene Bauge	5.kl.	Skrivar og medl. i Barnas kommunestyre
Ella Winterhus Julsrud	6.kl.	Medl. i SU og Barnas kommunestyre
Hanna Frøvik Svendsbøe	7.kl.	Leiar og medl. I SU

FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Mona Aksdal	1.kl.	Skrivar
Roger S. Bauge	2.kl.	
Elisabeth W. Julsrud	3.kl.	Medl. i SU
Heine Maurangnes	4.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Elin Sætre	5.kl.	Leiar i FAU og medlem i SU
Ole Petter Bjerga	6.kl.	Medl. i skulemiljøutvalet
Reidun B. Bakkevik	7.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval

SU- Samarbeidsutvalet

Namn	For	Funksjon
Elin Sætre	FAU skulen	
Elisabeth W. Julsrud	FAU skulen	
Tonje Strand Alne	Foreldreråd barnehagen	Leiar
Sandra Marie B. Sælemyr	Foreldreråd barnehagen	
Judith Gundersen	Lærarane	
Anne Byrkja	Tilsette barnehagen	
Ellen Skretteberg	Tilsette barnehagen	
Berit R. Skartland	Andre tilsette skulen	
Hanna Frøvik Svendsbøe	Elevrådet	
Ella Winterhus Julsrud	Elevrådet	
Johannes Hustveit	Kommunen	
Anne Marte W. Tveit	Kommunen	Skrivar

Kalender våren 2020

02/01	Skulestart etter juleferien.
14/01	Dansehalvdag for alle klassar i 4.-6. time.
20/01-24/01	Foreldrekonferansar/ utviklingssamtalar for alle elevar Halvårsvurderingane for elevane er blir lagt ut på Visma. Ein loggar seg inn og les desse på https://skole.visma.com/vindafjord Dei blir ikkje sendt heim på anna måte. Kontakt skulen om du treng hjelp til å logge inn el.l.
27/01	Elevfri
18/02	Fellessamling i MUNA kl. 10.00. Ansvar 5.-7. klasse. 5. klasse hovudansvar
24 – 28.02	Vinterferie
09/03	Oppstart felles tema: «Vindafjord kommune»
12/03	Helsesjukepleier: Pubertetsundervisning for 5. klasse
13/03	DKS 1.-4.klasse. kl.09.00-11.00. Visuell kunst.
26/03	Helsesjukepleiar: Pubertetsundervisning 5. klasse gruppevis DKS 5-7. trinn. 09.00-10.30. Jernalderen der du bur.
27/03	Helsesjukepleiar: Hpv. 2. dose 7. klasse.
31/03	Kulturettermiddag, Tema «Vindafjord kommune»
06- 13.04	Påskeferie
14/04	Skulen byrjar etter påskeferie.
01/05	Fridag
05/05	Innskriving av nye elevar. Innskrivingsfest.
15.05	Øving til 17. mai kl. 10.00
20/05	Fellessamling i MUNA kl.10.15. Ansvar 1. – 2. klasse.
21/05	Kristi Himmelfartsdag
22/05	Elevfri
01/06	2. Pinsedag
16/06	Halvårsvurderingar for elevane blir lagt ut i Visma.
17/06	Friidrettsdag. Skulen slutter kl. 10.45.
18/06	Mellomtrinnet: Rydding og vasking i spesialrom.
22/06	Alle ryddar klasserom
23/06	Siste skuledag. Natursti, grilling og fellessamling med «Takk for oss» frå 7. klasse.

Telefonnr. og e-post

Rektor	53 65 57 30/ 92241257	Arbeidsrom (lærer)	53 65 57 33
SFO	53 65 57 35/ 90515628	Barnehage	53 65 57 39
Merkantil (ty + to)	53 65 57 32		

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no

anni.hetland@vindafjord.kommune.no

TUR TIL OLALIA

I slutten av september hadde mellomtrinnet ein fin tur til Olalihytta. Kjekke elevar, flott hytte og fine haustfargar.

Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 28.10.19

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Hanna Frøvik Svendsbøe og Ella Winterhus Julsrud

Frå FAU på skulen: Elin Sætre og Elisabeth Winterhus Julsrud

Frå andre tilsette på skulen: Berit Skartland

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Anna Steinsland

Frå foreldrerådet i barnehagen: Tonje Strand Alne og Sandra Marie B. Sælemyr

Forfall: Judith Gundersen - frå undervisningspersonalet og Anne Byrkja – frå tilsette i barnehagen



Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.

Tonje Strand Alne blei valt til leiar

Elisabeth Winterhus Julsrud blei valt til nestleiar

Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Ellen gjekk gjennom årsplanen for barnehagen. Årsplanen er skriven med utgangspunkt i ein kommunal mal. Ellen orienterte mellom anna om satsingsområda dette barnehageåret. Me kjem til å jobbe vidare med implementering av ny rammeplan som kom i 2017. Kommunen jobbar også med BTI, Betre Tverrfagleg Innsats. Dette er ein samhandlingsmodell for tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Me vil jobbe vidare med dette i 2019-2020.

Utanom desse har me i år valt tur, natur og uteliv som satsingsområde. Dette er me godt i gang med og barna er skikkelege «turbarn» som likar all slags vær.

Årsplanen blei godkjent utan merknader.

Sak 4 Diverse orienteringsaker

- **Skulen sine satsingsområde**

Nye læreplanar

Lærarane vil i år bruke mykje tid på ny læreplan for grunnskulen som er klar i november 2019 og gjeld frå august 2020. Ny overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa er ein del av læreplanverket og er alt fastsatt av regjeringa. Ny overordna del av læreplanverket gjeld alle fag og trer i kraft samtidig som dei nye læreplanane for fag frå hausten 2020.

Tverrfaglege tema: Skulen skal leggje til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege tema, folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, og bærekraftig utvikling.

Desse tema tar utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar som krev engasjement og innsats frå kvar enkelt og fellesskapet i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt.

IKT

Alle elevane på skulen brukar nå iPad til ein del av skulearbeidet, både heime og på skulen. 5.-7. klasse har brukt iPad i fleire år og me meiner både elevar og vaksne har god kompetanse i dette. Me vil vidare jobbe aktivt for at også

1.-4. klasse får god kompetanse i bruk av iPad og at 5.-7. klasse stadig utviklar seg vidare.

Elevrepresentantane Ella og Hanna forklarte og viste oss korleis dei nytta iPad i undervisninga. Dei brukte den både til arbeid på skulen, innleveringar av oppgåver og til å gjere lekser på. Dei kunne t.d. lese inn leksene på iPaden og få kommentar tilbake frå læraren. Dei viste og korleis dei brukte tankekart og korleis dei fekk oppgåver med mål og kriterier. Me vaksne blei skikkeleg imponert av det dei viste og kunne.

Utfordringa vidar blir å sikre økonomi til å fornye IKT-utstyr når det er behov. Dette er vanskeleg å planlegge då det t.d. plutselig kjem oppdateringar som eldre modellar av iPadar ikkje taklar. Ein del av funksjonane me brukar i undervisninga fungerer då ikkje. Dette må heile kommunen finne ei løysing på.

- **Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen.**

Tema i år: «Vindafjord kommune». Kulturettermiddagen blir 31. mars. Dette blir det 13. året me brukar temaplanen for lokale tema. Me jobbar med tema i ca. 3 veker og avsluttar alltid med kulturettermiddag. SU hadde ingen motforestillingar til dette, så me held fram med både tema og arrangement. Foreldra meinte formingsutstillinga hadde blitt meir spennande i det siste.

Sak 5 Evaluering av tidspunkt for halvårsvurdering og utviklingssamtalar

Me hadde i 2018-2019 ei prøveordning der utviklingssamtalane/foreldrekonferansane var i september og januar. Me skreiv og publiserte då halvårsvurdering i januar og juni.

Både foreldre og tilsette på skulen meiner dei nye tidspunkta er betre enn slik det var før med halvårsvurdering og utviklingssamtalar/foreldrekonferansar i november og april/mai. Ein har nå meir tid til å jobbe med og samarbeide om det ein kjem fram til i framovermeldingane.

SU ønskjer at ein held fram utviklingssamtalane/foreldrekonferansane i september og januar, og skriv og publiserte halvårsvurderingar i januar og juni.

SaK 6 Barnevakten. Evaluering av undervisning for elevar og temakveld for foreldre

(Barnevakten er ein ideell foreldreorganisasjon som arbeider for at barn og unge skal kunne bruke mediene på ein trygg og bevisst måte)

SU var nøgde med opplegget til Barnevakten, og at ein hadde opplegget for elevar og foreldre same dag. Dette er eit sers viktig tema og alle vaksne meinte at dei trengte «Vaksenopplæring». Foreldra påpeikte at dei måtte vere bevisste på at barna sitt nettbruk er føresette sitt ansvar, og at det er nødvendig med god kommunikasjon og openheit mellom dei føresette.

Sak 7 Budsjettsituasjonen

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK og me reknar med å halde budsjetttramma. For 2019 har me grunna den økonomiske situasjonen i kommunen, måtte lagt inn eit nedtrekk på ca. kr. 34.000,- i høve budsjett.

Anne Marte W. Tveit

Skrivar

SKULERUTE 2020-2021

Skuleruta for 2020-2021 ligg nå på kommunene si heimeside <https://www.vindafjord.kommune.no/vindafjordskulen/>. Under Vik skule finn ein og Kontakten, referat frå SU og litt anna.

REFLEKS!

Har du **sjølvlysande born?**

Nei?

Pass på at borna dine bruker refleks! Me har ingen born å miste!!

Foto: Håkon Mosvold Larsen/NTB scanpix



----- KLIPP UT-----

Påmelding til juletefest 17.12.19
klokka 18.00 – 20.30

Lever tilbake til skulen seinast måndag 10. desember.

Frå _____ sin familie kjem

_____elevar

_____vaksne

_____sysken



**God jul og
godt nytt år til
alle.**